

# FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 2

Påske 2019

Årgang 85 år



Foto: Bente Juveng Øpstad

*Påskemorgen  
slukker sorgen,  
slukker sorgen til evig tid;*

*den har oss givet  
lyset og livet,  
lyset og livet i dagning blid.*

*Påskemorgen  
slukker sorgen,  
slukker sorgen til evig tid.*



**Fasteaksjon  
7.-10. april  
S. 3**

**Påskefeiring  
i Fusa  
S. 5**

**Barnemusikal  
i Fusa  
S. 6**

**Eit menneske  
som ber  
S. 8-9**

**Bli med  
på vårdugnad  
S.13**

## FUSA PRESTEGJELD

### Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA

Tlf. 56 58 01 81 - Fax 56 58 15 82

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

E-post: fusasokn@fusa.kommune.no

#### Direktenr.

Kyrkjevevje	56 58 01 80
Sokneprest	56 58 01 83
Kyrkjelydspedagog	56 58 01 66
Konsulent:	56 58 01 81
Medarbeidarkoordinator:	56 58 01 87

#### Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00

Prest og organist har fridag måndag.

#### PRIVATE TELEFONAR

##### Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

##### Ass. kyrkjevevje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

##### Trusopplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13

Petra Dahlström Permisjon

Endre Tveit 90 24 41 52

##### Konsulent

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

##### Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 56 58 31 96

##### Kantor

Iman de Zwart 56 58 39 48

##### Soknerådsleiar

Roald Samnøy 41 33 36 25

##### Kyrkjetenarar

##### FUSA KYRKJE

Rianne de Zwart 56 58 39 48

##### STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwart 56 58 39 48

##### HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

##### SUNDEVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

##### SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 56 58 15 89

Gåver til kyrkjelydsarbeidet

kan sendast Fusa sokneråd,

bankgiro: 3530 25 86215

eller VIPPS #90436

##### FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

##### Ansvarleg redaktør:

Leiar i Fusa sokneråd Roald Samnøy.

##### Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

Bladpengar er kr. 225,- pr. år

Utanbygds kr. 325,- pr. år

##### REDAKSJONSNEMND:

Harald Geir Sæther

Ole Bjørn Eikeland

## Eit heilag offer – eit heilag liv



Gud er til tider svært opptatt av detaljar. I mitt lille prosjekt om å lytte meg gjennom Bibelen på eit år (Bible in one Year-app på mobilen), har vi no i nokre veker vore i 2. og 3. Mosebok. Her får du detaljerte beskrivelser om korleis heilagdomen og tenesta der skulle utførast. Det er ikkje måte på kor detaljert og nøye det er skissert. Sidan Gud er ein heilag Gud, skal ein ikkje ta lett på tenesta og det livet ein lever for han. Også offertenesta er nøye omtala. Her er Brennoffer, Grødeoffer, Fredsoffer, Syndoffer, Skuldoffer og andre offer. Aron og hans sønar var opptatt på heiltid med å tilberede og bringe fram desse offer. Dette var deira tilbeding. Det var slik dei anerkjente Gud som heilag. Det var slik folket fekk tilgjeving for sine synder. Det var litt av eit mas og nok av detaljar å halde styr på. Og mykje blod.

Alt dette kan berre bli forstått fullt ut i lys av Det nye testamente. I Hebrearabrevet les vi: «Etter lova blir nesten alt rensa med blod, og utan at blod blir utrent, finst det inga tilgjeving» (9,22). Men dette er berre ein skugge av det som skulle koma. For blod frå oksar og bukkar kan umogeleg ta bort synder. Alt dette viste fram mot det offer som Jesus brakte då han gav sitt liv som offer ein gong for alle. For med ei einaste offergåve har han for alltid gjort dei som blir helga, fullkomne!

Ved Jesu offer får vi total tilgjeving. Det er ikkje lenger bruk for noko anna offer.

Men ved å lese om desse offerordningane i den gamle pakt og sjå kor nøye Gud var på at det foregjeikk på rett måte, så forstår eg litt meir av kor stort det offer Jesus gjorde var, for meg. Gud er heilag og han vil at vi skal leve heilage liv. Å vere heilag begynner med å tru på det som Jesus har gjort og be Den heilage Ande om å kome inn i livet som ein hjelper til å leve heilag. I takksemnd for det Gud har gjort for oss ved Jesu offer på våre vegne, blir vi oppfordra i Romerbrevet om å bera fram kroppen vår som eit **levande** og heilag offer, til glede for Gud.

Av og til lurar eg på om Gud har gjort det litt for enkelt for oss. Det er så lett å bli litt likegyldig og ta det for gitt alt det som har med tru og heilag liv å gjera. Det var nok fleire modale hjelpeverb i den gamle pakt som hjalp folket til å vera merksam på livet saman med Gud.

Det går mot påske. Ei høgtid til minne om det offer Jesu brakte ved å dø. Det trengs ikkje meir død, blod og offer – det var eit fullbrakt offer.

Desto meir vil eg oppmuntre til å bringe kroppen din som eit levande offer i takksemnd for Jesu gjerning. Ta kroppen med deg til ei kyrkje nær deg og takk din Gud for alt det han har gjort.

**«Han som kalla dykk, er heilag. Slik skal de òg vera heilage i all dykkar ferd.** For det står skrive: *De skal vera heilage, for eg er heilag»* 1. Pet. 1, 15-16

Einar Ekerhovd, sokneprest



Biletet på framsida er teke i Eikelandsosen med utsikt utover Eikelandsfjorden.



Fasteaksjonen i Fusa 7.-10. april.  
Ta godt i mot bøsseberarane!

FASTEAKSJONEN 2019:

# Reint vatn er ein menneskerett!

**7.- 9. april vert Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon 2019 arrangert over heile landet. I Fusa kjem konfirmantane og andre frivillige rundt og bankar på dørene i perioden 7.-10 april. Ta vel imot dei!**

Tekst: Ella Marie Brekke Vangsnes

Ureint vatn drep fleire menneske enn krig. 844 millionar menneske manglar tilgang til reint vatn. Under Fasteaksjonen 2019 skal det samlast inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid med å skaffa innbyggjarar i utsette område rundt omkring i verda reint vatn og sanitærforhold.

«Gjennom Fasteaksjonen får vi høve til å hjelpa medmenneske over heile verda. Som norsk kyrkje er vi også del av den globale kyrkja.» understrekar sokneprest Einar Ekerhovd. «I Fusa sokn skal vi gjera ein innsats for Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Det å gje av det vi har og visa omtanke for andre, er viktige verdiar for oss som kyrkje», seier Ekerhovd og oppmodar alle om å ta vel imot bøsseberarane.



Reint vatn i flyktningeleiren Jilab i Somalia.



Faiso (8 år) hentar vatn ved vassposten i Jilab-leiren.

## Du kan støtta Fasteaksjonen 2019 ved å:

Gje pengar i bøssene, vippsa valfri sum til 2426, eller senda SMS med kodeord GAVE til 2426 (kr 200).

## På flukt frå tørke - møt Farah

Bli med til eitt av Kirkens Nødhjelp sine prosjekt i Somalia. I Puntland gjev brønnane til Kirkens Nødhjelp reint vatn til over 25 000 menneske. Her er nomadebefolkninga særleg hardt ramma av klimaendringane. Tørken har tatt frå dei livsgrunnlaget og tvinga stadig fleire på flukt. For Farah og familien er ikkje dette noko som kan skje ein gong i framtida, dei lever med dette no.

«Me mista alt me hadde, dyra våre døydde, og livet vart veldig vanskeleg», fortel 13 år gamle Farah. Han og familien mista alt i tørken og var tvinga til å søkja tilflukt i ein provisorisk flyktningeleir – som så mange andre familiar i den forblåste ørkenen utanfor regionhovudstaden Garowe i Puntland. Berre i denne leiren bur det 25 000 menneske.

### Avhengige av hjelp

Farah fortel at det kan ta eit heilt år å samla bølgeblekkplater og andre materialar til eit «hus» som kan gi litt



Farah (13) saman med kompisen Mohamed (14) i Jilab-leiren.

ly for sol, vind og støv. «Livet her i Jilab-leiren er veldig hardt. Folk får ikkje jobb, og me er heilt avhengige av humanitær hjelp.»

### Hjelpsam son

Som eldste son har Farah eit spesielt ansvar for å hjelpa foreldra. Når mora ikkje er frisk, tek han seg av småsøskena, lagar mat, vaskar og hentar vatn. Når det ikkje er bruk for han i leiren, dreg Farah med kompisane til byen og leitar etter strøjobbar. Dei jobbar på byggeplasser, i eit steinbrot, eller pussar sko på gata. Pengane tek han med heim til mora.

### Heldige trass alt

Sjølv om det kan verka håplaut, skal det meir til enn eit liv i tørke, konflikt og fattigdom for å sløkkja livsgnisten i Farah. Kirkens Nødhjelp syter for reint vatn i leiren. Og sjølv om alle dyra deira er døde, har familien overlevd.

«Me er heldige, for me har trass alt nok av reint, trygt drikkevatt. Som alle veit, er vatn liv! Me har mista alt, men me har kvarandre, og me betyr alt for kvarandre,» seier Farah.



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance



# Kvifor heiter veka frå Palmesundag til Påskeaftan «Den stille veka»?

Veka frå palmesundag til Påskeaftan kallast hos oss for *Den stille veka*. Lenger sør i Europa kallast den for «*Den store veka*» (gresk: megalos) eller «*Den heilage veka*» (italiensk og spansk: santa, engelsk: holy).

Dei ulike orda gjev forskjellige inngongsportar for å nærma seg påska sitt mysterium.

I den stille veka mister vi orda. Tausheita rådar. Stillheten er roleg og heilag

Stor av di den sprengjer alle grenser.

Heilag av di den er ein dimensjon som er atskilt frå alt anna.

## Påskemotiv på albertavler i kyrkjene våre i Fusa sokn

I to av våre kyrkjer har alterbileta dramatiske påskemotiv.



**Strandvik kyrkje:** Langfredag. Jesus vert tatt ned frå krossen. Bilete er nygotisk. Kopi etter Rubins sign. C. Christiansen 1883. Under maleriet står: Se, det Guds Lam som bærer Verdens Synd» (Johannesevangeliet 1, 29)

**Velkommen til kyrkjene våre i påskehøgtida.**



**Hålandsdal kyrkje:** 1. påskedag. Måleriet framstiller Kristi oppstode. Det er usignert. Kristus står på sarkofagloket, ser rett fram og løfter høgrehanda høgt, venstre hand litt lægre, framover mot kyrkjelyden – til signing. Han fyller det meste av biletflata. Likkledet er drapert framfor han og over begge armene. Nede til venstre i bilete, vendt mot Kristus, kneler ein engel. Engelen ber raud kjole, gul kappe og palmegrein. Nedst til høgre to romerske soldatar med skjold og lanse. I bakgrunnen Golgata.

# Påske i Fusa!

I den stille veka og inn i påska inviterast du til å vere med å ta del i dramaet som skjedde for om lag 2000 år sidan – gjennom fellesskap, ord, song og musikk.

## Palmesundag

samlast vi i **Sundvor kyrkje** kl.11.00. Barnekoret Songbuketten blir med.

## Påskenenatt

samlast vi i **Hålandsdalen kyrkje** kl.23.00. Bli med og opplev den stemningsfulle samlinga der ein ved midnattstid står utanfor kyrkja med tende lys!

## Tysdag 16. april

er det **Open kyrkje i Strandvik** frå kl.19.00-20.00. Her kan du sitje stille, tenne eit lys eller lytte til eller syngje med kyrkjekoret når dei syng alle salmane for Skjærtorsdag og Langfredag "minutt for minutt".

## 1.påskedag

er det **høgtids-gudsteneste og fest i Fusa kyrkje** kl.11.00. Gudstenesta vert prega av at vi feirar Jesu oppstode! Bli med på den store festen!

## Skjærtorsdag

samlast vi i **Strandvik kyrkje** – til nattverdsgudsteneste kl.19.00

## 2.påskedag

har vi tradisjon for friluftsgudsteneste, og i år går turen til **Skardsnuten**. Vi begynner å gå frå parkeringsplassen ved Havsgård kl.10.30, og så samlast vi på toppen til gudsteneste kl.12.00.

## Langfredag

vert det gudsteneste i **Sævareid kapell** kl. 11:00. Den er bygd opp kring komposisjonen "Jesu syv ord på korset" av Kjell Mørk Karlsen. Kyrkjekoret saman med tekstlesar drar oss inn i ein meditasjon kring det Jesus sa medan han heng på krossen. Ved hjelp av salmen "Gå under Jesu kors å stå" vert også vi som kyrkjelyd invitert til å ta aktiv del i denne meditasjonen, samstundes med at vi "eigengjer" oss orda som Jesus uttalte.

## Påskelovsong

**Torsdag 25. april kl 19.00** held vi fram påskefeiringa med påskelovsong i Eikelandsosen bedehus. Vegard Soltveit frå Israelsmisjonen blir med oss denne kvelden.

## Barnas påske

sundag 28. april kl.11.00. Dette er familiemix der alle generasjonar møtest. Fjord'n barnekor blir med.



# Musikal

med Fjord'n barnkor og Fusa Soul children!



Set av søndag 31. mars kl. 15.00!! Då vert det nemleg skipa til musikal i Eikelandssosen bedehus. Tema vert «Bøller og heltar i Bibelen.» Gjennom opplesing og glad musikk og dans, vil du møte både kjente og ukjente bibelske personar. Me kan love full trøkk og masse glade barn og ungdommar på scenen.

Fjord'n barnekor har for tida mellom 30-40 aktive barn på øvingane, og Soul children har ein kjerne på 10-15 stk. Kora skal stort sett framføre songane kvar for seg, men det heile skal knytast saman med tekstar og litt skodespel, også dette med ungane og ungdommane i bresjen. Dei eldste på barnekoret skal dessutan ha sine egne dansenummer, og nokre av konfirmantane skal også delta med oppgåver, både praktiske og musikalske. Det vert mellom anna eit eige ungdomsband på nokre av songane.

Det vert gratis inngang på musikalen, men kollekt ved utgangen.

**Varmt velkommen**  
på tvers av generasjonar og bygdegrenser!

Leiarane

## Årsmøte

i Fusa sokn

Sundag 31. mars ca. kl. 12.00,  
etter gudstenesta  
i Hålandsdalen kyrkje.

Tema: "Bygging av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd med Fusa sokneråd og Os sokneråd".

Det nærmar seg 1. januar 2020, og Fusa kommune og Os kommune slåast saman til Bjørnafjorden kommune. Som kyrkje har vi ikkje val, Os og Fusa skal bli eitt i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, men Os sokn og Fusa sokn held fram med ansvar for det lokale kyrkjelydsarbeidet. Kom på årsmøte og få med siste nytt! Og like viktig er det å få innspel frå dykk når det gjeld det vidare arbeidet lokalt i Fusa kyrkjelyd i den nye tida vi går inn i. På årsmøtet vil vi også ha ein kort gjennomgang av årsmelding 2018 og rekneskap 2018.

Fusa sokneråd

## Bønefrukost

Torsdag 11. april kl. 08.30 er alle velkomne til bønefrukost i Eikelandssosen bedehus. Vi startar morgonen med å ete frukost saman før vi held fram med bøn for både Fusasamfunnet og andre bøneønskje som ein har motteke.

## Familiemix

28. april kl. 11.00

Barnas påskefest.

Fjord'n barnekor blir med

26. mai kl. 11.00 Familiemix

16. juni kl. 11.00 Familiemix



Barnas påskefest i 2018.

# BBL-kveldar

i Eikelandsosen bedehus:

28. mars kl.19.00 David Vogel, sokneprest i Samananger blir med  
25. april kl.19.00 Vegard Soltveit frå Den norske israelsmisjon blir med  
23. mai kl.19.00 Program ikkje fastsett enno



BBL-kveld i april 2018.

# Fusa sokn med ny nettside

Fusa sokn presenterer i desse dagar si ny nettside. Her vil det bli lagt ut informasjon om mykje av det vi driv med, og korleis de kan ta kontakt med oss når de ønsker det; for dåp, konfirmasjon, vigsel, gravferd, gudstenester, kyrkjelydsbyggjande arbeid og aktivitetar. Vi vonar mange vil nytte heimesida vår. Det står lite om gravplassar då det vil kome meir om det når Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd vert etablert frå januar 2020. Kom gjerne med innspel om de gjer dykk tankar om vår nye nettside.



**Norheimsund**

TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A - 5600 Norheimsund

**Tlf. 97 59 24 88**

E-post: [post@nhstrykk.no](mailto:post@nhstrykk.no)

**Alt i trykksaker**

# Bli med på friluftsgudstenestene i vår!

Våren er tid for friluftsgudstenester. Bli med å kombinere flotte opplevingar – tur – natur – dei gode samtalane – og eit Gudsord med på vegen vidare! Ta med mat og drikke!

**2. påskedag kl.12.00 Skardsnuten.** Parkering på parkeringsplassen på Havsgård. Her kan folk starte når dei ønskjer, men har ein samla start for dei som ønskjer det kl.10.30.

**Kristi Himmelfartsdag Vollen, Baldersheim torsdag 30. mai kl.12.00.** Bilveg heilt opp.

**2. pinsedag Vinnesholmen 10. juni kl.12.00**



Friluftsgudsteneste på Vinnesholmen i 2018.



Margunn Å. Sæther:

# Dame med karisma!

**Dette har eg sett fram til lenge! Å få snakke med Margunn. I fred og ro, under fire auge, men med stor potensiell lesekrins. Margunn er ei uvanleg dame, med stor karisma og omtanke for andre.**

Men først må eg sjekke wikipedia! Kva betyr *karisma*? Der står det: Selv om det er svært vanskelig, kanskje umulig, å definere karisma nøyaktig, er det ofte benyttet for å beskrive en personlighet som ofte synes å ha en tilsynelatende «overnaturlig» evne til å sjarmere, lede, overtale, inspirere og/eller påvirke andre mennesker.

*Å trøste meg!* - er hennar momentane reaksjon på dette!

Tekst: og foto: Ole Bjørn Eikeland

## **Først Margunn, for dei som ikkje kjenner deg, kort presentasjon!**

Eg er nyslått pensjonist - blir 63 i mai, har 3 vaksne barn, som har flytta ut for lenge sidan. Har tre flotte barneborn frå 9 mnd til 5 år. Eg har ein svært aktiv mann, assisterande kyrkjeverje Harald Geir Sæther. I botn er eg utdanna førskulelærer og starta arbeidskarrieren i barnehage i 1980, men har jobba som lærar sidan 1997.

## **Pensjonisttilvære, bestemor i ny livsfase, kva er kvalitetstid for deg i den nye fasen?**

Det er å ha høve til å stille opp for mine næraste, meir enn før. Eg likar husarbeid, bestemor i Trondheim, ja, når Sigurd og Margrethe står der og ventar meg på flyplassen, det er lykke! Eg er også med i ein del frivillig arbeid, særleg i kyrkjelyden. Fellesskap med andre er verdfullt for meg.



## **Du har ein spesiell stol i gangen. Fortel om den, og kvifor den står der!**

Stolen er arvegods, og fleire damer har sete der før meg, dvs kvinner i Harald Geir si slekt. Den stolen betyr stille stund med Bibel og bøn, ro og nærleik. Nærleik til ein som er så uenderleg mykje større enn meg. Eg snakkar med han kvar dag, oftast på morgonen, mellom ein halv time og ein time. Det er ein god start på dagen!

## **Du er altså bønnemennesket Margunn. Er det rett?**

Ja, eg er eit menneske som ber. Det lærde eg i barndomsheimen min. Men eg ber meir no enn før. Livet endra seg etter ein smell i veggen.

## **SMELLEN**

*Når Margunn fortel om smellen, må eg legge bort datamaskina eg skriv på, og alle andre tankar. Dette er sterk kost! Ho held fram:*

Det var etter ein operasjon i mai 2014. Brått så hadde eg ingen krefter, verken psykisk eller fysisk. Eg som

hadde kjent meg så sterk. No vart turen til postkassen lang nok. Eg var veldig, veldig langt nede, lenger enn dei fleste veit. Eg fekk ein real kræsj, som lyn frå klar himmel! Eg kom inn i ein tunnell, og den var lang!

Eg har alltid likt å vere den som hjelper. No trengte eg hjelp sjølv og mykje omsorg frå dei omkring meg. Men eg opplevde at familie, vener, naboar, sokneprest, lege og NAV gjorde sitt beste for at dagane mine skulle bli best mogleg. Men helingsprosessen tok lang tid!

Grunnen til smellen, veit eg ikkje heilt, men eg likar å ha kontroll. På jobben, i klassen, og i andre samanhenger der eg hadde ansvar måtte eg kjenne meg førebudd. Til slutt vart det meir enn nok.

Bønestolen vart flytta frå eit rom på loftet til hjarta i huset, dvs gangen.

## **Har du nokon gong fått bønnesvar?**

Mange gonger. Tidleg i livet opplevde eg fleire konkrete bønnesvar. Det var sterkt og trusstyrkjande. Kanskje har eg ei gåve i å sense når livet er tøft for





nokon. Det eg sensar blir gjerne gjort om til bøn. Antenner kan ein kanskje kalle det. Som bønkontakt i kyrkjelyden opplever eg at menneske frå Fusa og andre stadar tek kontakt om ulike bønbehov. For dei som ønskjer det, blir desse forbønssønskja sendt vidare til eit bønnettverk, til vanleg utan å skrive kven det gjeld.

No finn Margunn ei lita handskriven bok som heiter *Takk og bønn*.

Det er mange grunnar til å takke for små og store ting i kvardagen – ting som for mange av oss blir sett på som sjølvagt. Men dei bønbehova som eg mottok handlar nok oftast om sjukdom, utfordringar i jobb eller skule, vanskelege relasjonar, eller ulike livssituasjonar og hendingar. Men, bønnesvar kan ikkje alltid målast. Nei, det er også eit svar. Eller vent! No er eg ute av tunellen og opplever livet rikare enn før, det er og eit bønnesvar.

Margunn finn no ei anna, litt større bok *“Alltid elsket”* og les:

“Bønn er ikke monolog,  
men dialog

Ikke bare å snakke,  
men også å lytte

Ikke bare å kreve,  
men også å ta i mot

Ikke bare å gi ordre,  
men også å akseptere

Ikke å forandre Guds vilje til vår  
Men å oppdage Hans  
guddommelige plan”

Den kjente predikanten Ole Hallesby sa så treffande: «Bønn er å lukke Jesus inn i sin nød».

Eg vil seie at bønn er å lukke Jesus inn i si naud og si glede. Å invitere han inn i livet sitt slik det er.

Eg tenkjer ofte at i Guds verden er det god orden. Sol står opp, sol går ned, årstider skifter. Universet med sine baner. Og eit sitat frå Elias Blix. *Nytt liv av dauden gror*. Skaparkrafta!

### **Svigerмора di er spesiell, fortel kort kvifor!**

Svigermor ja, ho bur i Vaksdal. Ho ser alltid etter muligheter, meir enn grenser. Ho har framleis klart hovud og varmt hjarte, har ikkje slutta å leve, i ein alder av snart 91! For meg er ho eit førebilete.

Også mi mor, som døde i 1991, var ei kvinne som tok tid til bøn. Ho skreiv mange bøker, var god forkynnar, aktiv bibellesar.

### **Kva med dine svake sider?**

Margunn svarer kontant: Eg kunne aldri bli turistguide! Eller som ein venn sa til meg:

Du må gjerne bli turistguide Margunn, turistane vil få sjå ein heil masse, men aldri vite kor dei er!

Ei anna svak side: Eg er litt kontrollfrik, kunne med fordel sleppe andre til. Og dessutan: Eg opplever at noko kan vere svakheit og styrke samtidig: Ja-mennesket kan vere begge deler.

### **Dette personlege spørsmålet har eg ikkje turt å stille til andre: Korleis er Gud? Korleis er din Gud?**

Då tenkjer eg på ei forteljing i Bibelen, i 1.Mosebok, om ei kvinne som heitte Hagar. Hagar var eit menneske i naud. Ho vart sett og møtt av Gud, og utbraut: «Du er ein Gud som ser meg». Han ser eit menneske i naud. Gud høyrer. Eg har ein Gud som ser og høyrer, og er uendeleg glad i sitt skaparverk!

### **Viss du var ung igjen, sei 20 år i dag. Kva ville du bruke livet ditt på?**

Først: Eg har vore glad i yrket mitt med små menneske! Kanskje det viktigaste som finst er å gi dei små ei god plattform.

Men, kanskje eg hadde valt å bli prest eller diakon? Det er fordi det må vere spennande å møte menneske i ulike livssituasjonar, sorg eller glede. Eg tenkjer at det er veldig variasjon i desse yrka.

Så er eg jo litt taletrengt av og til- apropos svake sider - Nokon har kommentert litt humoristisk at Gud har gitt oss to øyre, men ein munn, fordi me skal lytte meir enn å snakke!

### **Kva vil du seie til statsminister Erna Solberg, viss du har ein halv time med henne?**

No må Margunn tenkje seg om eit bel.



Dame med antenner: Margunn i bønestolen i gangen

Først tenkjer eg at vi i vårt land må ta vare på den kristne kulturarven vår.

”

«Så tenkjer eg at kvar ny generasjon dukar bord for neste – her tenkjer eg m.a. på å ta vare på jorda og miljøet»

### **Kva er då kristen kulturarv?**

Det er at barn og unge får kunnskap om bibelhistoria, salmeskatt, og det kristne verdigrunnlaget og menneskesynet. Så tenkjer eg at kvar ny generasjon dukar bord for neste – her tenkjer eg m.a. på å ta vare på jorda og miljøet.

Dessutan vil eg seie til Erna: Me har eit fantastisk land å bu i. Me må ikkje vere egoistiske, me må dele med dei som har mindre. Å minne det norske folk om å takke for alle goder. Me er veldig heldige som bur her me bur. Det viktigaste er ikkje å bli rik på ting, men å ta vare på kvarandre.

### **Møte med flyktingar, våre nye landsmenn, kvifor har du og mannen din slik omsut for dei?**

Me meiner dei fortener opne dører. Dei må bli integrert. Den gyldne regel seier jo : «Alt de vil at andre skal

Framhald side 10



gjere mot dykk, skal de og gjere mot dei». Det står i Bergpreika! Viss me forventar at dei skal finne seg til rette og få fotfeste i samfunnet vårt, må me ha opne dører og opne hjarte. Viss eg måtte røme frå Noreg til eit anna land, håpar eg nokon hadde husrom og hjarterom til meg. Ja, det skal også Erna få høyre!

”

«Men alltid heim att for å feire påskedag saman med kyrkje-lyden»

### Kva for eit bibelord vil du dele med lesarane?

Sidan eg av og til kjenner på litt uro, vil eg minne om dette:

"Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing. Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus." Fil 4,6-7



På veggen i gangen heng denne teikninga, laga av dottera Solveig.

### Kva betyr påske for deg?

Påske betyr nytt Liv! Oppstode! Siger over døden. Open veg til Gud. Det er den åndelege biten. Den praktiske biten er denne: Hyttetur til Litjhaugen (Os i Østerdalen), skiturar, appelsin, peisbål, fellesskap med familie, kaffikos på senga. Men alltid heim att for å feire første påskedag saman med kyrkjelyden!

Så kjem det frå det innerste hjarta: Eg har eit godt liv. Eg takkar masse for det - me ser stjernerne klårast på mørk himmel, veit du!

Ingen er så trygg på ferda, som Guds barneflokk i verda, ingen fugl så vel er verna, inga himmelsol og stjerna.

Naud og lukka til vil falla, Herrens hand skal fast oss halda. Som ein ven han sine aktar, han er deira skjold og vaktar.

Han i nåde ut oss valde, våre hovudhår han talde. Han oss føda vil og kleda, midt i sorga gjev oss glede.

Sjå, dei gode faderhender både med- og motgang sender! Men hans vise råd er milde: Bare vel han barnet ville.

Av Lina Sandell,  
no også med Margunn Å. Sæthers signatur.

**HERBALIFE ERNÆRING**  
Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI !  
Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169  
SIGNE GANGSTØ  
E-post: fangang@fusi.no  
www.signeg.goherbalife.com/nn-no

**DE Rørleggerservice**

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no

 Sentralgodkjent rørleggerfirma

Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

TA KONTAKT MED

**BYGGMESTER**

 SVENN C. STORUM

 951 56 327 storum@fusi.no

**GRAVMINNER**

 Løvaas  
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man - fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
www.lovaasnaturstein.no

**BUNNPRIS**

Eikelandssosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245  
bpeikelandssosen@bunnpris.no

**Malerfirma**

 Kenneth Samnøen  
5640 Eikelandssosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

 Tlf. 90 80 15 38



# KVA SKJER av større oppgaver på bygg og anlegg i 2019 i Fusa sokn? Og kva vart gjort i 2018?




Fusa kyrkje fekk Altaskifer i 2018. Alle kyrkjene våre har no skiftertak.

I 2018 fekk vi utført fleire store oppgaver. Særleg vart det nytta mykje ressursar til å skifte det gamle taket på Fusa kyrkje til altaskifer. Både reiskapshus og bårhus fekk nytt skiftetak, kyrkja og dei to andre bygga vart mala og det kom to nye overbygg på plass på kyrkja. I Sundvor kyrkje fekk vi ei omfattande og flott innvendig opprusting av kyrkja, og i Strandvik kyrkje fekk vi mala ein del område innvendig som vi ikkje hadde midlar til då kyrkja vart rusta opp for nokre år sidan.

## ....og så til 2019 - kva skjer?

### Sævareid kyrkjegard

Vi er i gong med planlegging av utvidingsarbeidet på Sævareid kyrkjegard. Søknaden om godkjenning er sendt til Bjørgvin bispedømeråd. Det er eit mål å kome i gong med arbeidet i 2019.



Panoramabilette som viser den eksisterande gravplassen, og område den er tenkt utvida.

### Nordtveit gravplass

Det er eit mål å få skifta gjerde i 2019.

### Sundvor kyrkje

Utvendig opprusting av kyrkja skal utførast i 2019. Arbeidet skal vere ferdig innan 1. september. Kyrkja skal malast, Søylenne inn til kyrkja skal bytast ut, pipene skal pussast og sikrast, og både porten inn til kyrkja og rekkverket opp kyrkjetrappa skal ordnast.

### Fusa kyrkje

Det skal skiftast faldedør mellom kyrkjerommet og kyrkjelydsalen i 2019. Den gamle er i dårleg forfatning og er dårleg lydisolert.

# Bladpengar

## Fusa kyrkjeblad

Takk til alle som betaler bladpengar i 2019. Det er desse inntektene saman med annonseinntekter som gjer at vi kan gi ut kyrkjebladet i Fusa med seks nummer i året og i fargar. Vi hadde eit underskot på om lag kr.10.000,- i 2018.

Vi vonar mange nyttar vedlagte giro. Du kan også betale direkte til gåvekonto 3530 26 86215 eller Vipps til Fusa sokn - #90436. Bladpengar i 2019 er same som i fjor; kr. 225,- for folk busette i Fusa og kr. 325,- for utanbygds. Det er høve til å gje gåve i tillegg!

På førehand – TAKK 😊



## FOTO- konkurransen 2019

Når sommaren nærmar seg må du ta fram fotoapparatet att og bli med på årets fotokonkurransen til Fusakalenderen 2020! Motivet for konkurranse i år er «Sommar». Det skal vere eit naturbilete. *Lukke til!*



### Frist er måndag 30. september.

Bileta kan sendast på e-post til [fusasokn@fusa.kommune.no](mailto:fusasokn@fusa.kommune.no).

Vinnaren (motivet som vert vald) vil få utbetalt kr.2.000,-.

**Ta kontakt** med kyrkjekontoret om du har spørsmål.

Fusa sokneråd





## FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

Tlf. 56 58 14 06  
Fax 56 58 39 99  
Mobil 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse
- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar

## Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post [havard@solheimelektro.no](mailto:havard@solheimelektro.no)  
**www.solheimelektro.no**

## REISENE BESTILLER VI HOS:

# TRAVELNET

## OS REISEBYRÅ AS

Boks 274 - 5203 Os  
Tlf.: 56 30 43 00  
e-post: [os@travelnet.no](mailto:os@travelnet.no)  
[www.verden.no](http://www.verden.no)

Følg oss på Facebook



## Tønnegarden

Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord  
Tlf. 91 99 30 40

[post@tonnegarden.no](mailto:post@tonnegarden.no) - [www.tonnegarden.no](http://www.tonnegarden.no)

- Tønneproduksjon før og no.
- Selskapslokale, kurs og møtelokale.
- Servering av tradisjonsmat. Steinomnsbakst.
- Catering -middag, holdtbord, snittar mm. Kaker og lefser.

Følg oss på facebook og instagram.



# SPAR

## Eikelandsosen

Opningstid 8-21

Laurdagar 9-20

Tlf. 56 58 00 90

### ELEKTRO OG RØYRLEGGJARBEDRIFT/BUTIKK



## HELLAND

ELEKTRO & VVS AS  
5640 EIKELANDSOSSEN

TLF. 56 58 06 20 - FAX 56 58 06 29  
Mobil Ingemar: 976 67 843

Me hjelper deg med vann-, lys- og varmeinstallasjoner når du skal byggja nytt eller rehabilitera.



5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: [post@leiglandbygg.no](mailto:post@leiglandbygg.no)  
[www.leiglandbygg.no](http://www.leiglandbygg.no)

Står til teneste med alt i samband med dødsfall, gravferd og minnesamver. Blomsterservice, sal og service av gravminne.

## Fusa og Samnanger Gravferdsbyrå a.s

Boks 100, 5640 Eikelandsosen  
Liv Mette Hagen priv. 56 58 12 72  
Døgnvakt: 56 58 15 09

Besøk vår heimeside  
[www.fusa-kraftlag.no](http://www.fusa-kraftlag.no)

Din lokale kraftleverandør



5640 EIKELANDSOSSEN  
Tlf. 56 58 00 20



avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med forsikring, lån, sparing og plassering.

**VI ER HER**  
[www.spv.no](http://www.spv.no)



Følg Fusa sokn på Facebook



Ønskjer du SMS om det som skjer i Fusa kyrkjelyd? Gje beskjed til tlf. 41 66 20 90.



# VELKOMEN TIL VÅRDUGNAD PÅ ALLE GRAVPLASSANE I FUSA

Også i år har vi som mål å gjennomføre dugnad på alle ti gravplassane i Fusa. Utan mange si hjelp vil vi ikkje få det til. Så vi håpar at både gamle og nye dugnadsfolk blir med i år! Vi treng rekruttering!

**Det kan vere nyttig å ha med seg på dugnad:** rive, piassavakost, spade, grapse, hagesaks og trillebår. Du har kanskje ikkje alt dette, men ta med det du har. **Vel møtt!**

**Strandvik og Aakre**

**Hålandsdalen**

**Fusa nye og Fusa gamle**

(oppmøte på den gamle)

**Holdhus**

**Sævareid**

**Baldersheim**

**Nordtveit og Hjartnes**

onsdag 24. april kl. 17.00

onsdag 24. april kl. 17.00

tysdag 7. mai kl. 18.00

tysdag 7. mai kl. 18.00

tysdag 7. mai kl. 18.00

blir bestemt lokalt

blir bestemt lokalt



God stemning på dugnaden på Strandvik kyrkjegard i fjor. Her er det Inge-Lise som er «Klatremus».

## Frivillige i Fusa sokn

Frivilligheita i Fusa sokn er sterk og mangfaldig, med breitt engasjement og høg kvalitet. Godt samspel mellom dei frivillige og kyrkjekontoret er med og byggjer opp under aktivitetane. Mange har lang og trufast teneste i kyrkja, andre kortare. Mange kan sjå attende med godt samvit og vera viss om at tenesta dei gjer er høgt verdsett både i kyrkjelyden og i soknerådet.

Folk har ofte forskjellige motiv for å gjere frivillig arbeid, det kan vere at ein har vakse opp med frivillig arbeid, eller at ein er knytt til det ein er frivillig i. Kva kjenneteiknar dei frivillige i kyrkja som tar ansvar for oppgåver? Kva ønskjer kyrkja med det frivillige arbeidet? Handlar det om å inkludere den enkelte med sine føresetnadar inn i fellesskapet, eller skal dei frivillige utføre ferdig definerte oppgåver gjeve av tilsette? Desse spørsmåla kan eller bør stillast. Det kan gjevast

mange gode forklåringar, men slik me på kyrkjekontoret ser det ville arbeidet i kyrkja mest stoppa opp utan dei frivillige sin innsats. Me hadde fått eit fattigare samfunn. Om tenesta er liten eller stor lyfte me fram dei frivillige og takkar alle som gjev av si fritid for å bidra for fellesskapet.

Av nye trendar innan frivillig arbeid er den aukande individualisering, men også eit meir instrumentalt behov. Instrumentalt i denne samanheng er at det oppstår eit konkret behov kor ein treng frivillige medarbeidarar, og ein vert rekruttert til konkrete oppgåver.

Det viser seg at det er større utfordringar med å få folk til å binde seg som frivillig over tid, men korttidsfrivillige er gjerne lettare å få med. Det ein gjerne vert møtt med er "Eg er for opptatt med andre aktivitetar" og "Vil ikkje binde meg".

**Kan du tenkje deg å vere frivillig i Fusa sokn?**

Aktuelle arbeidsoppgåver: medhjelparar på arrangement i høve born og ungdom, gudstenes-temedhjelparar, dugnadsarbeid, besøksven m.v. Ta kontakt – og sei gjerne kva du kan tenkje deg å vere med på! Ring 56580180 eller send e-post til [www.fusasokn@fusa.kommune.no](mailto:www.fusasokn@fusa.kommune.no)

Kyrkja legg til grunn at samanslåinga til eit kyrkjeleg fellesråd for Os og Fusa ikkje kjem til å ha nemneverdig inverknad for aktiviteten i soknet vårt, som framleis vil vere Fusa sokn. Dei frivillige vil heller ikkje merke særleg til samanslåinga. Mest alle aktivitetane vert vidareført, og kan hende vil me ha bruk for enda fleire frivillige i framtida.

**Ta kontakt** med kyrkjekontoret dersom du vil vere med og gjere teneste som frivillig.

Takk, og lukke til med arbeidet kvar og ein gjer.

Kyrkjekontoret



**SPAR** 

**Fusa**

Man-fre **8-21**  
Lørdag **9-20**

Tlf. **56582133**  
spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig handel hos Spar Fusa!**

**ASVO Fusa AS**

www.asvofusa.no  
post@asvofusa.no  
tlf.: 56 58 14 18

5640 EIKELANDSØSEN

Er ei allsidig bedrift som driv med sal og produksjon

- Montering av mekanisk komponentar
- Fyringsbrikettar og opptenningsveg
- Blomekassar, sandkassar og varmpumpehus
- Høvleri
- Listeproduksjon
- Plenslåing

Me har moderne maskiner for å trevareproduksjon og tek gjerne imot oppdrag for Dykk!

**Alltid god service og rimelege prisar!**



**BYGGADMINISTRASJON**  
**Harald Bjørndal a.s**

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLERING

Tlf. kontor: 56 58 11 30  
Tlf. privat: 56 58 51 19  
Telefax: 56 58 11 99  
Mobil: 970 63 526  
E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)

Postboks 103  
5649 EIKELANDSØSEN

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,  
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - Fax 5658 1656 - Mob 9054 4766  
**BERGE ELEKTRONIKK**

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



**Hordaland A/S**  
**Rørteknikk** /s

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget

VVS-VA-HAVBRUK-PRODUKSJON

Holsundveien 285, 5642 Holmefjord

Telefon: 56 58 09 90 - E-post: [post@h-rt.no](mailto:post@h-rt.no)



MALERMESTER

**ALF HJELLE & SØNN AS**



Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE**  
**HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00  
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. **56 58 15 25** eller **915 46 880**

E-post: [firmapost@alfhjelle.no](mailto:firmapost@alfhjelle.no)

VESTLANDSKE LIMTRE  
INDUSTRI AS

5642 HOLMEFJORD  
Telefon: 56 58 07 00  
Telefax: 56 58 07 01

Spesialist på trekonstruksjoner  
Limtre – beslag – takstoler – takverk

[post@vlimtre.no](mailto:post@vlimtre.no)

[www.vlimtre.no](http://www.vlimtre.no)



1970-2015 Tradisjon for kvalitet i 45 år

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

**L. HJERTNES AS**



5646 Nordtveitgrend • Tlf: 56 58 20 60

E-post: [post@lhjertnes.no](mailto:post@lhjertnes.no)  
[www.lhjertnes.no](http://www.lhjertnes.no)

**FUSA AUTO A/S**  
**BILVERKSTAD**



**Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa  
Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



[www.meca.no](http://www.meca.no)

**M E C A**



**P. H. Haugen**

**Landhandel - Sævareid**

**tlf. 56583110**

e-post:

[narbutikken.severeid@narbutikken.no](mailto:narbutikken.severeid@narbutikken.no)

**Fusa**  
**Ferdigbetong as**

5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong  
sand - singel - grus  
transport - maskinarbeid  
betongprodukter m.m.

**Tlf. 56 58 13 10**

Mobil 913 65 482 / 951 87 421

E-post: [post@fusabetong.no](mailto:post@fusabetong.no)



# Gudstenester i Fusa sokn

24.03.2019 - 10.06.2019

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
<b>Mars</b>				
24.03	11.00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Maria bodskapsdag
31.03	11.00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	3.søndag i fastetida
<b>April</b>				
07.04	11.00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	4.søndag i fastetida
14.04	11.00	Sundvor kyrkje	Familiiegudsteneste	Palmesøndag
18.04	19.00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Skjærtorsdag
19.04	11.00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Langfredag
20.04	23.00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	Påskentatt
21.04	11.00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Påskedag
22.04	12.00	Skardsnuten	Friluftsgudsteneste	2. påskedag
28.04	11.00	Eikelandsosen bedehus	Barnas påskefest - Familiemix	2.søndag i påsketida
<b>Mai</b>				
04.05	11.00	Strandvik kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laurdag etter 2.s. i påsketida
05.05	11.00	Hålandsdalen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	3.søndag i påsketida
11.05	11.00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laurdag etter 3.s. i påsketida
11.05	13.00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laurdag etter 3.s. i påsketida
12.05	11.00	Sundvor kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	4.søndag i påsketida
17.05	11.00	Hålandsdalen kyrkje	Familiiegudsteneste	17.mai
19.05	11.00	Sævareid kapell	Gudsteneste	5.søndag i påsketida
26.05	11.00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	6.søndag i påsketida
30.05	12.00	Vollen, Baldersheim	Friluftsgudsteneste	Kristi himmelfartsdag
<b>Juni</b>				
02.06	11.00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Søndag før pinse
02.06	16.30	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	Søndag før pinse
09.06	11.00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Pinsedag
10.06	12.00	Vinnesholmen	Friluftsgudsteneste	2.pinsedag

## Frå **KYRKJEBØKENE**



### *Dåp*

#### **Fusa kyrkje**

20.01.2019 Liva Ross Austestad  
20.01.2019 Leah Heldal Skaathun  
20.01.2019 Sara Helland Holmefjord

#### **Hålandsdalen kyrkje**

24.02.2019 Ane Forberg Eikeland

#### **Strandvik kyrkje**

27.01.2019 Frida Sternhoff Leigland

#### **Eikelandsosen bedehus**

13.01.2019 Liva Constanse Hansen

#### **Sundvor kyrkje**

03.03.2019 Millie Elene Solvang Håvik



### *Gravferd*

#### **Strandvik kyrkje**

07.02.2019 Ola Skåtun, f. 02.06.1925  
01.03.2019 Lars Hogne Skaathun, f. 21.03.1941

#### **Hålandsdalen kyrkje**

14.02.2019 Per Karstein Midtrød, f. 01.04.1944

#### **Sundvor kyrkje**

12.02.2019 Robert Fjærestad, f. 15.10.1982

#### **Sævareid kapell**

18.01.2019 Arne Markhus, f. 10.02.1927

#### **Fusa kyrkje**

08.03.2019 Kjell Leon Ådland, f.10.05.1941



### *Vigsel*

#### **Hålandsdalen kyrkje**

09.02.2019 Celine Vevatne Lunde og Johannes Rød



# Informasjon

Avsender:  
Fusa kyrkjeblad  
Postboks 73  
5649 Eikelandssosen

## Konfirmantar Fusa sokn 2019

### STRANDVIK KYRKJE laurdag 4. mai kl. 11:00

Dag Skarstein Bakka  
Daniel Bergheim  
Marte Vindenes Bolstad  
Malin Kristiansen  
Tor Odin Bjørndal Milde  
Rebecca Oddrun Småland Mulligan  
Mira Hannisdal Nilsen  
Tony Andreas Lillevted Nybrot  
Brage Sebastian Flostrand Romundset  
Lukas Rysjedal  
Maja Helland Soldal  
Tord Sørheim

### HÅLANDSDALEN KYRKJE søndag 5. mai kl. 11:00

Kristi Skjelbreid Gjelland  
Aurora Tveit Gjerdevik  
Solveig Eikeland Gjøen  
Henrik Helland  
Tarjei Gramstad Indrebø  
Jonas Lygre  
Ingebjørg Markhus  
Vilde Tveit  
Kaja Amalie Aase Tysnes  
Thomas Aarseth

### FUSA KYRKJE laurdag 11. mai kl. 11:00

Emma Boge Bekken  
Martin Aadland Bolstad  
Trine Dale  
Martin Boge Eriksen  
Thea Malin Holmefjord Lyhammer  
Alexandra Isabel Eidem Molina  
Leif-Simen Mjånes  
Henrik Nygård  
Marita Opsal  
Martin Skar  
Vanessa Smedsvig



### FUSA KYRKJE laurdag 11. mai kl. 13:00

Tobias Nordtveit Arntzen  
Andrea Berge  
Emma-Sofie Frydenlund  
Erlend Hagen Nordtveit  
Sander Tveit Olsen  
Sander Schjøberg Ådland

### SUNDVOR KYRKJE søndag 12. mai kl. 11:00

Stina Fredrikke Eide  
Stine Henanger Halvorsen  
Olav Dechlyn Hauge  
Malin Haugen  
Abigael Litwinenko  
Marilen Yufen Lygre  
Cecilie Åsvang Nordtveit

### Konfirmasjonsdatoar 2020

Laurdag 2. mai	Sundvor kyrkje	Laurdag 9. mai	Hålandsdalen kyrkje
Sundag 3. mai	Fusa kyrkje	Sundag 10. mai	Strandvik kyrkje

## 50- og 60-årskonfirmantar i 2019

Vart du konfirmert i ein av kyrkjene våre i 1969 eller 1959? Ønskjer du å markere dette i løpet av året? Ta kontakt med Fusa kyrkjekontor så raskt som mogleg, tlf. 56580181 eller e-post til [fusasokn@fusa.kommune.no](mailto:fusasokn@fusa.kommune.no)



### Det er feil at påska er 21. april i 2019, eller????

I år skulle påska vere 21. mars. Men internasjonale kalenderar har 21. april! Kvifor det? På Facebook har vi funne følgjande som Harald Kaasa Hammer har skrive om plassering av påska i 2019:

«Som ansvarlig for Den norske kirkes tekstkalender fikk jeg spørsmål om påskens plassering i år. Vi lærer jo at Påskedag er første søndag etter første fullmåne eller vårjevndøgn. I år skulle det altså være 21. mars. Men internasjonale kalendere har 21. april. Spørsmålet går over min forstand, men Per B. Lilje i Almanakkomiteen ved Universitetet i Oslo kunne oppklare gåten:

”Saken er at huskeregelen for påsken, første søndag etter første fullmåne etter vårjevndøgn ikke er helt korrekt.

For det første, man bruker ikke det astronomiske vårjevndøgn, men man bruker 21. mars (selv vårjevndøgnstidspunktet kan falle på forskjellig dato ut fra hvilken tidssone man er i, vi ønsker at påsken skal falle på samme dato uansett hvor man er på jorda).

For det andre bruker man heller ikke det egentlige tidspunktet for fullmånen, men det man kaller den sykliske fullmåne, et tidspunkt for fullmånen forhåndsberegnet etter tabeller som i utgangspunktet kommer fra middelalderen (men som faktisk aldri avviker med mer enn to døgn fra den riktige fullmånen, som regel stemmer de bra).

Den riktige regelen som anvendes er at påskedagen er første søndag ETTER den første sykliske fullmåne som kommer PÅ ELLER ETTER 21. mars. Med denne beregningen blir påskedagen 2019 den 21. april.

Forresten er tidspunktet for påsken et meget gammelt problem som i senantikken og middelalderen ga opphav til mye stridighet, og også mye matematikk. Det latinske ordet "computus" ble brukt om beregning av tidspunkt for påsken. Den første kjente bestemmelse er fra kirkemøtet i Nikea i 325, der man bestemte 1) at de kristne ikke skulle være avhengig av jødernes Pesach, men bestemme påsken uavhengig av jødene, og 2) påsken skulle beregnes slik de gjorde det i Alexandria (uten at det er kjent hvordan de gjorde det i Alexandria).

I den første fasen av kristendommen i England på 600-tallet sto det stor strid om tidspunktet for påsken, for misjonærer som kom fra Frankerriket og misjonærer som kom fra Irland hadde forskjellig tidspunkt for påsken.»

# God påske!